

Sosialtenesta (NAV)

1. HOVUDTAL DRIFT

2. MERKNADER TIL DRIFTSRESULTATET ØKONOMI

Regnskapet totalt for 2013 viser eit meirforbruk på 228 000 kroner. Forbruket når det gjeld økonomisk sosialhjelp er 1,2 millioner over budsjett. I løpet av året tok 152 personar imot økonomisk sosialhjelp. Dette er 4 fleire enn i 2012. Utgiftene til økonomisk sosialhjelp er høge på Gol samanlikna med dei andre kommunane i Hallingdal.

3. STILLINGAR LIKESTILLING/INTEGRERING

Det er tilsett ein mann og 5 kvinner. Av desse er 1,5 stillingar dekkja av Hemsedal kommune. Det er ikkje tilsett personar med nedsett funksjonsevne eller minoritetsbakgrunn.

4. SJUKEFRÅVERE/ARBEIDSMILJØ

Avdelinga har eit godt arbeidsmiljø. Sjukefråværet for 2013 var på 3,9 %.

5. OPPGÅVER, MÅL OG AKTIVITETAR 2012.

Hovudmålet er å bidra til at brukarane av økonomisk sosialhjelp blir sjølvhjulpne, primært gjennom inntektsgivande arbeid. I tillegg til oppgåver etter lov om sosiale tenester i NAV, er flyktningtenesta lagt inn. Med verknad frå 01.01.14 er NAV Gol og NAV Hemsedal slått saman til NAV Gol og Hemsedal med Gol kommune som vertskommune.

Flyktningar

Resultata frå introduksjonsprogrammet er framleis gode. Mange kjem ut i arbeid eller utdanning etter å ha fullført programmet.

Gol kommune har i 2013 teke imot 10 flyktningar. Det er vedteke at Gol kommune skal ta imot til saman 40 flyktningar i perioden 2012 – 2015.

6. DELTAKING I REGIONALT SAMARBEID

Gjennom NAV er det mykje regionalt samarbeid på mange områder og plan.

I flyktningararbeidet er det mykje samarbeid mellom kommunane i Hallingdal.

7. PLANLAGDE OPPGÅVER 2014 INNAFOR VEDTEKE BUDSJETT

Vi skal ha stort fokus på arbeid som det viktigaste verkemiddel for å førebyggje fattigdom. Vi skal derfor arbeide målretta for at dei som tek imot økonomisk sosialhjelp og flykningar kjem ut i inntektsgivande arbeid.

Det er ei målsetting med samanslåinga med NAV Hemsedal at det skal frigjerast ressursar til oppfølging av brukarar mot arbeid.